

**Visste du at kvinner  
berre tener rundt 89%  
av det menn tener?**

Slik vil Raudt løyse det →

# Kvinnelønna er urettferdig

I dagens Noreg tener kvinner rundt 89% av det menn gjer. Kvinner jobbar også meir ufrivillig deltid, tek ein større del av det ulønte arbeidet heime og tapar for menn i leiarstillingar.


Fleire kvinner enn menn har høgare utdanning. Likevel ser vi at kvinner taper på arbeidsmarknaden. Dei kvinnedominerte yrka har lågare status og har mykje lågare lønn enn «typiske mannsyrke» med like lang utdanning. Kvinner tener framleis mindre enn menn, også når vi berre ser på lønnskilnader mellom dei som arbeider heiltid.


Det går føre seg ei systematisk nedvurdering av kvinners arbeid, både i heimen og i arbeidslivet. Dette gjer at mange kvinner blir ufrie, nokon blir avhengige av inntekta til mannen og hans velvilje, andre lever med vedvarande låg inntekt.

Denne urettferda må ta slutt. Det er tid for likelønn.

## Raudt arbeider for:

- Ein likelønnsnett for dei kvinnedominerte yrka i offentleg sektor, som kjem i tillegg til dei ordinære tariffoppgjera, og som blir fordelt etter forhandlingar mellom partane.
- At kvinnedominerte yrke må kunne få meir i lønnsoppgjera enn ramma for frontfaga for å oppnå likelønn og heving av kvinnelønna.
- Seks timars normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon.
- Lovfesta rett til heiltidsarbeid.





**Forskjellen mellom lønna til kvinner og menn er omtrent det same som at kvinner jobbar gratis frå lunsj og ut dagen kvar einaste fredag. Vile du godteke det?**

**Silje Josten Kjosbakken**  
Nestleiar i Raudt



**Bli med på laget**

Meld deg inn på  
[raudt.no/bli-medlem](https://raudt.no/bli-medlem)